



Notat

Dato: 22.05.2018
Arkivsak: 2014/13889-108
Saksbehandlar: evavinj

Til: Trafikksikringsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Trafikksikringskonferansen 2018

Trafikksikringskonferansen vil finne stad onsdag 14.november på Scandic Ørnen. Kommunar og andre relevante organisasjonar vil bli invitert.

Under kjem forslag til program for dagen, med atterhald om at det kan kome endringar. Dei rådgjevande medlemene til fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) har i møte diskutert tema og innhald i konferansen, på møtet var representantar frå samferdselsavdelinga og opplæringsavdelinga i HFK, Ungdommens fylkesutval (UFU) og Statens Vegvesen. FTU utfordra UFU til å kome med forslag til tema og innhald for konferansen. UFU hadde diskutert saken med medlemene som jobbar med samferdselssaker.

Vi vil sende ut invitasjon og oppfordring til å nominere kandidatar til trafikksikringsprisen tidleg i juni.

Førebels program

Nasjonal tiltaksplan for trafikksikkerhet på veg 2018 - 2021 vil vere sentral på konferansen, då gjennom å belyse kva denne planen har å seie for kommunane. Overordna vil dette vere tema, men med ulike vinklingar.

Som tidligare år er det også i år tenkt at Trafikksikringsprisen blir delt ut på konferansen.

Vi ser føre oss opning der ein seier noko om den nasjonale tiltaksplanen og korleis vi kan jobbe vidare med denne på lokalt nivå. Aktuelle innleiarar kan vere frå Statens vegvesen, vegdirektoratet og frå andre fylkeskommunar.

Vi har invitert ordførar i Eid, Alfred Bjørlo, til å snakke om korleis dei jobbar med sykkel, han har takka ja til invitasjonen. Bjørlo heldt eit tilsvarande innlegg på den nasjonale trafikksikringskonferansen som Trygg Trafikk arrangerte tidlegare i år.

Vidare vil vi invitere nokon frå Trygg Trafikk til å snakke om *Hjertesone* og korleis ein får elevar ved skulane til å sykle og gå meir.

I nasjonal tiltaksplan er det satt konkrete mål om at fleire kommunar skal bli *Trafikksikker kommune*. Ordninga *Trafikksikker kommune* vil difor få ein naturleg plass i programmet. Då vil det vere fokus på tiltaksplan i kommunane og korleis involvere dei ulike etatane i kommunen i trafikksikringsarbeidet.

Vi ønskjer å invitere Trafikkfagleg samarbeidsutval (TSU) Nordhordland til å snakke om deira lokale initiativ og korleis dei jobbar med kommunane, og kva dei ønskjer av kommunane framover.

Det kommunale trafikksikringsutvalet i Os er også positive til å snakke om deira arbeid.